



Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Vår dato:

03.11.2025

Vår ref:

2025/15479

Dykkar dato:

Dykkar ref:

2025/5007

HOL KOMMUNE

Ålmannvegen 8

3576 HOL

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hermund Mjelstad, 5764 3124

Til uttale - Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell - dispensasjon - Hol 55/362 - Fjellvegen 125 - tilbygg til fritidsbolig

Villreinnemnda viser til oversending 02.10.2025 frå Hol kommune.

Bakgrunn

Det er søkt om unntak for plankrav, alternativt dispensasjon frå plankrav for oppføring av tilbygg på 43,9 m², der 18,2 m² skal rivast, til eksisterande fritidsbustad på 94,1 m². Inkludert parkeringsareal på 36 m² blir totalt areal på 155,8 m². Eigedomen ligg på om lag 1100 moh og avstanden til leveområdet for villreinen i Nordfjella er om lag 180 meter i luftline. Overnattingskapasiteten blir ikkje auka, ifølgje søknaden.

Villreinnemnda er ei statleg nemnd som har som ei hovudoppgåve å sjå til at villreinområda våre ikkje blir forringa, og ikkje gjev dårlegare levevilkår for villreinen gjennom året. Dette gjeld for alle villreinområda, men fokuset skal vere ekstra sterkt i dei oppretta nasjonale villreinområda.

Vurdering

Generelt er villreinnemnda kritisk til bygging av nye fritidsbustader, og anna aktivitet, som ligg inn mot leveområdet til villreinen i Nordfjella. I denne saka er det søkt om eit større tilbygg, som gjer at totalinntrykket av den nye fritidsbustaden blir vesentleg sterkare enn den gamle. Den generelle utviklinga er at alle fritidsbustader som skal gjere ei oppgradering/fornyng blir ein god del større enn opphavleg bustad, av og til dobbelt så stor. Den samla belastninga på nærområda blir med dette klårt større og det er lite truleg at dette er til fordel for villreinen. Det er og naturleg at mykje av ferdsla frå hyttefeltet går inn i beiteområda og leveområda for reinen, og kan føre til at områda går ut av bruk. Det er denne totale auken i aktivitet og ferdsle som er negativ. Bit-for-bit nedbygginga av naturen er eit av dei største trugsmåla for å kunne ta vare på villreinens leveområde for framtida og som villreinnemnda er uroa for.

E-postadresse:

sfvlpost@statsforvalteren.no

Sikker melding:

www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:

Njøsavegen 2

6863 Leikanger

Villreinnemnda leiar:

Trygve Skjerdal, Skjerdalsvegen
114, 5745 Aurland

Tlf. 97526883

E-post:

trygve.skjerdal@privat.alb.no

Sakshandsamar:

Hermund Mjelstad

Tlf. 57643124

fmsfhm@statsforvalteren.no



Kunnskapen om villrein og prioriteringane for å ta vare på villreinen, og leveområda til villreinen, har fått auka merksemd dei siste par åra. Vi kan nemne kvalitetsnorma for villrein der Nordfjella villreinområde ble klassifisert med raud status, dvs. dårleg kvalitet. Det er i norma vurdert at arealbruken til reinen på sørsida av Hallingskarvet i vesentleg grad er påverka av ferdsle. Reinen har her ei arealunnvikning på over 90%, både på sommar- og vinterbeite.

Stortingsmeldinga om villrein ble lagt fram i 2024, og det er utarbeidd tiltaksplanar som har som mål å betre situasjonen for villreinen. To av tiltaka for å nå måla er relatert til hyttebygging: arealforvaltning og ferdsle. For å nå målet om å betre tilstanden til villreinen i Nordfjella, må ferdsla inn i området avgrensast.

Tiltaket det er søkt om her er bygging av eit tilbygg som fører til at fritidsbustaden blir meir omfattande og gjev eit større inntrykk. Det skal ikkje innebære auke i tal sengeplassar frå dagens situasjon. Den totale aktiviteten og ferdsla vil truleg likevel kunne auke med det nye tilbygget. Sjølv om tiltaket ligg i eit område med andre fritidsbustader, meiner vi det er usikkert om dette tiltaket vil ha negative effektar på villreinen i Nordfjella. Det er sjølv sagt uheldig uansett med den totale aktiviteten i hyttefeltet i Hol kommune som inneber mykje anleggsarbeid, motorferdsle og anna som følgjer med. Det er vanskeleg å vurdere i kva grad dette har innverknad på villreinens bruk av beiteområda mellom skarvet og hyttefeltet i framtida.

Alle tiltak som kan ha ei verknad på villreinens habitatbruk og overleving må vurderast basert på tilgjengeleg kunnskap for områda. Dette gjeld òg i enkeltsaker, der ein må sjå på den samla belastninga tiltaket vil kunne føre til for villreinstamma. Det er i fleire andre «villreinkommunar» i Sør-Noreg mange slike saker, som kvar for seg er uproblematisk, men som i sum likevel fører til ein bit-for-bit utbygging som er klårt uheldig, dersom vi skal ha håp om å ta vare på villreinens leveområde for framtida. Vi viser og til våre uttaler i liknande saker i Hol kommune i 2024 og 2025.

Konklusjon

Villreinnemnda vil rå ifrå det omsøkte tiltaket. Nemnda meiner det kan vere negativt for den framtidige bruken av villreinen i dei gode beiteområda inn mot Hallingskarvet, spesielt vinterstid. Det er summen av alle tiltaka som kan føre til at område som villreinen har nytta, og kan nytte i framtida, kan komme til å gå ut av bruk. Vi ventar elles at kommunen vurderer nøye dei mange søknadane i kommunen om nybygging, tilbygg, uthus osv. i område som ligg nært inn til villreinens leveområde i Nordfjella. Vi ber derfor kommunen om å vere varsam med å gje dispensasjonar til slike tiltak som kan kome i konflikt med nasjonale naturverdiar som t.d. Nordfjella villreinområde.

Med helsing

Trygve Skjerdal
leiar

Hermund Mjelstad
sekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Statsforvalteren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus
Buskerud fylkeskommune